

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/30

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2016	Kommunestyret	PS	28.04.2016

Kommunereform - status utgreiingsalternativa pr. april 2016

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
resultset_91_350.pdf	11.04.2016
resultset_91_352.pdf	11.04.2016
resultset_91_353.pdf	11.04.2016
resultset_91_355.pdf	11.04.2016
resultset_91_356.pdf	11.04.2016
resultset_91_357.pdf	11.04.2016
resultset_91_357_vedlegg1.docx	11.04.2016
resultset_91_335.pdf	07.04.2016
resultset_91_336.pdf	07.04.2016
resultset_91_334.pdf	06.04.2016
resultset_91_333.pdf	06.04.2016
20160421114812	21.04.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stortinget vedtok i 2014 at det skal gjennomførast ei kommunereform

Masfjorden har valt utgreiing av desse 3 alternativa

1. Nordhordland

(alle eller deler av noverande kommunar i regionen)

2. Gulen (Høyanger sør - Modalen - Solund)

3. Halde fram som eigen kommune

i samband med lokalt arbeid med reforma.

Eigenvurdering kjem som eigen sak til Kommunestyret 28.april 2016

Signert intensjonavtale Nordhordland har vore på høyring med høyringsfrist 10.april 2016, tilsvarende har usignert intensjonsavtale Gulen vore på høyring med same frist.

Gjennomført 3 folkemøter med stor oppslutning.

Siktemålet er å prioritere mellom intensjonsavtalane og leggje ut ein av dei til folkerøysting, saman med alternativ å halde fram som eigen kommune.

Vurdering

Ein har no på plass 3 alternativ og følgt opp Kommunestyrevedtak om utgreiing av

1. Nordhordland

(alle eller deler av noverande kommunar i regionen)

2. Gulen (Høyanger sør - Modalen - Solund)

3. Halde fram som eigen kommune

Siktemålet er å føreta prioritere mellom intensjonsavtalane og leggje ut ein av dei til folkerøysting, saman med alternativ å halde fram som eigen kommune. Alternativt legg ein ut 3 alternativ til folkerøysting, og då vert spesielt utforming av stemmesetlane viktig slik at ein får fram eit klart og rettleiande råd frå innbyggjarane. Det er komme inn nokre uttalar til intensjonsavtale, som følgjer vedlagt saka.

Uttale

Målet med kommunereforma frå regjeringa si side er uttalt at dei nye kommunane skal ivareta viktige samfunnsmessige omsyn. Reforma er meint å sikre og styrke mellom anna følgjande omsyn:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
- Heilskapelege og samordna samfunnsutvikling.
- Berekraftige og økonomiske robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati.

Ein kommune ivaretar minst fire roller, som tenesteytar, samfunnsutviklar, utøvar av mynde og demokratisk arena. Ekspertutvalet tilrår ti kriuterium som er retta mot kommunane på desse områda. Kriteria er meint å seia kva som må til for at ein kommune skal kunna ivareta dei fire rollene sine og oppgåveløysninga knytt til desse. Kriteria skal ha i seg samfunnsmessige omsyn som strekk

seg utover.

Det er viktig å merke seg at ekspertutvalet sine kriterium for nye kommunar er basert på ein føresetnad om at dei nye kommunane bør ha minimum 15 000- 20 000 innbyggjarar. Dette stårtklart i motstrid med kva Regjeringa og Stortinget har uttalt, nemleg at det ikkje er aktuelt å setje ei nedre grense på tal av innbyggjarar i ein kommune. Det faktumet at Ekspertutvalet opererer med ein slik absolutt føresetnad gjer det meir krevjande å vurdere dei ti kriteria deira både opp mot eigen kommune i dag og mogeleg andre kommunealternativ. Denne grunnleggjande skilnaden mellom Ekspertutvalet på den eine sida og Regjering/Storting på den andre sida gjer det meir utfordrane å slå fast kva krav og vilkår som faktisk ligg til grunn for kriteria.

a. Tilstrekkeleg kapasitet

I « tilstrekkelig kapasitet» ligg at kapasiteten til kvar kommune skal vere «tilstrekeleg...både fagleg og administrativt for å kunne løse oppgavene på en effektiv og od måte. Å få en stilling med god fagkompetanse vil ikke gi grunnlagetfor et godt fagmiljø. Til det trenger man også kapasitet til å behandle ein viss mengde saker, ha god kontroll og oversikt, og til å utvikle fagområdene». Ekspertutvalet sitt utgangspunkt er såleis at større fag miljø gjer større og betre kompetanse.

b. Relevant kompetanse

«Relevat kompetanse» inneber at det må vere «en bredde i kompetansen» i kommunen. Ein viser mellom anna til at «innenfor kommunens rolle som demokratisk arena kan en communal administrasjon med kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag for de folkevalgte bedre den politiske styringen og utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet.» Ekspertutvalet ser det som «avgjørende at kommunen sjølv kan sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse og ikkje er avhengig av samarbeid eller hjelp frå andre».

a. Tilstrekkeleg distanse

I « Tillstrekkeleg distanse» ligg at «kommunen må ha en slik størrelse at det er tilstrekkelig distanse mellom saksbehandler og innbyggerne». Formålet er å sikre lik handsaming i kommunale saker, og å sikre seg at det ikkje vert teke utanforliggjande omsyn. Ekspertutvalet viser her og til reglane om ugildskap og omsynet til å sikre innbyggjarane rettane dei har etter lova.

b. Effektivt tenesteproduksjon

Større kommunar er meint å gje «stordriftsfordeler» og å leggje betre til rette for «økt rammestyring frå statens side og dermed økt mulighet for å tilpasse tjenestetilbudet til private forhold.» Dette skal gje meir effektivt tenesteproduksjon. Ekspertutvalet ser likevel at dette kan vere vanskeleg å oppnå på alle tenesteområde grunna

«bosettingsmønsteret i kommunen», det vil seie spreidd busetting.

c. Økonomisk soliditet

Kommunane må ha «god kontroll på økonomien» og må kunne «håndtere uforusette hendelser» for at dei skal vere i stand til å «tilby sine innbyggere gode velferdstjenester». Tanken er at kommunar med større økonomi har større handlinsrom ved at dei lettare kan omdisponere innanfor budsjettet sitt når det er naudsynet - utan at dette «får direkte konsekvenser for tjenestetilbudet til innbyggerene».

d. Valfrihet

I dette ligg at «større kommunar kan tilby større bredde i tilbuddet til sine innbyggerer, som vil være vanskelig å tilby i små kommuner» Såleis vil innbygjarane få fleire ulike (typar) tilbod å velje mellom. Døme kan vere at ein får fleire tilbod på kulturskulen, eigen friluftsbarnehage, spesialiserte helsetilbod innan kommunen mv.

e. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder

Nye kommunar er meint å sikre meir funksjonelle og heilsakelege løysningar innan «de områder det er nødvendig å se i sammanhang for å sikre helhetlige løysninger, særleg på areal-og transportområdet.» Ekspertutvalet meiner kvar kommune i dag tek mest omsyn til seg sjølv og kva ein treng lokalt slik at meir heilsakelige omsyn ikkje vert ivaretaken. På dette punktet viser Ekspertutvalet særleg til bynære strok- i mindre sentrale strok «vil kriterier som kapasitet og kompetanse om samfunnsutvikling være viktigere når kommunenesammenslåinger skal vurderes.»

f. Høg politisk deltaking

Ekspertutvalet viser til at små kommunar kan score høgt på nokre av indikatorane for eit aktivt lokaldemokrati- når det gjeld valdeltaking og spørsmålet om kor stor del av innbygjarane som her vore i kontakt med ordførar. Men utvalet meiner det er viktig at «større kommuner legger i dag i større grad til rette for deltakelse mellom valgene, og de har oftere ulike former for medvirkingsorgan.»

g. Lokal politisk styring

På dette punktet viser Ekspertutvalet til at det er naudsynt å ha kompetanse til å utarbeide gode «beslutningsgrunnlag» for dei folkevalde, jf. ovanfor om relevante kompetanse. Utvalet viser også til at nye kommunar «ikkje skal være nødt til å organisere sin tjenesteproduksjon i interkommunale ordninger for å levere lovpålagte velferdstjennester.» Ekspertutvalet meiner at ein kommune bør ha minst 15 000-20 000

innbyggjarar for å «sikre en god oppgaveløsning.» Ein legg her særleg vekt på «behovet for kompetanse innenfor de spesialiserte hsetjennestne som er utviklet på kommunenivå.»

h. Lokal identitet

Etter ekspertutvalet sitt syn er det to dimensjonar som kommunane bør vurdere i spørsmålet om samanslåingar: « Opplevde tilknytting til et område» og «felles identitet med andre områder.» Utvalet ser at «noe av dagens nærhet til (kommunehuset, lokalpolitikeren eller tjenestene) vil forsvinne ved større kommuner» og at innbyggjarane vil oppleve dette som problematisk og utfordrane.» Utvalet tek og som eit utgangspunkt at «det vil være lettare å gjennomføre samanslåinger med kommuner som i større grad opplever å ha interkommunal identitet, enn mellom kommuner som ikke har det.»

Høyring

Intensjonavtale Nordhordland & intensjonsavtale Gulen har vore på høyring med høyringsfrist 10.april 2016, dette er komme nokre høyringa som vert lagt fram som vedlegg til saka.

Fakta

Signert avtale med Gulen er og på plass etter nye forhandlingar 18.4., men revidert avtale ikkje heilt i samsvar med KS vedtak 16.3.2016 – då hadde det ikkje vorte nokon avtale å ta stilling til.

KS - 016/2016 VEDTAK:

Kommunestyre ber ordførar / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert underteikna og lagt ut på høyring.

Endring i pkt. 6;

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggast til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune kan ein legge tenester knytt til m.a. barnevern/PPT/PU o.l., kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 m/endring.

Krav / KS vedtak frå Masfjorden ikkje akseptert av Gulen

Korrigering av feil i vedlegg 1, jf. kommunestylesak 16.3.16 og info om intensjonsavtale som gjekk ut til innbyggjarane, **vaskeri og kjøkkentenester under sjukeheim, skal takast ut og ikkje inngå i vedlegg 1, kolonne 4.**

Semje om, endring i vedlegg 1

Sjukeheim inkl. demensomsorg
Omsorgsbustader
Heimetenester inkl. bu- og miljøtenester (PU)

Til dagens Gulen kommune skal ein legge kultur og tekniske tenester, samt administrative tenester knytt til helse/barnevern/PPT/PU o.l. som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1.

Saka og arbeidet med kommunereforma skal vere godt kjent etter kvart – og mykje og relevant informasjon og aktuelle linker finn ein på kommunen si heimeside, www.masfjorden.kommune.no under;

Du er her: Start » Politikk » Kommunereforma

Kommunereforma

[Vedtak i Masfjorden](#)

[Rapportar og analyser](#)

[Utgreiingsalternativ](#)

[Styringsmøte](#)

[Folkemøte / folkerøysting](#)

[Innspel](#)

[Innbyggjarundersøking](#)

Sentrale lenker

(www.regjeringen.no)

[Sentral side om kommunereform](#)

[Prosess og milepæler](#)

[Innstillinga til kommunal- og
forvaltningskomiteen](#)

[Nye oppgåver til større kommunar](#)

Lokal informasjon

[Nordhordland og kommunereforma](#)

(www.regionnordhordland.no)

[Orienteringshefte \(pdf\) frå kommunen](#)

Resultat av innbyggjarundersøking

[Syn på samanslåingsalternativ \(pdf\)](#)

[Tenesteområder og lokaldemokrati \(pdf\)](#)

Konklusjon

Kommunestyret må ta stilling til kva alternativ som vert lagt til grunn for gjennomføring av rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma, ut frå at ein no har på plass 3 av 3 alternativ jf Kommunestyrevedtak 40/2015 som utgreiingsalternativ for lokalt reformarbeid;

1. Nordhordland

(alle eller deler av noverande kommunar i regionen)

2. Gulen (Høyanger sør - Modalen - Solund)

3. Halde fram som eigen kommune

Anten prioritering av alternativ 1 & 2, alternativt at ein legg ut 3 alternativ til folkerøysting, og då vert spesielt utforming av stemmesetlane viktig slik at ein får fram eit klart og rettleiande råd frå innbyggjarane. Det er komme inn nokre uttalar til intensjonsavtale, som følgjer vedlagt saka. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Kommunestyret - 022/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om at den underskrivne intensjonsavtale mellom Gulen og Masfjorden vart godkjent som eit av alternativa.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha tre alternativ på røystesetelen.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha ein røystesetel for kvart alternativ med moglegheit for å krysse på kva alternativ ein ønskjer skal kome på 2.plass i folkerøystinga.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret samla seg om at den underskrivne intensjonsavtalen mellom Gulen og Masfjorden vart godkjent som eit av alternativa.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha tre alternativ på røystesetelen.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha ein røystesetel for kvart alternativ med moglegheit for å krysse på kva alternativ ein ønskjer skal kome på 2.plass i folkerøystinga.